

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. ~~37~~ 36.

Tilleggsspørsmålnr. til nr. 36.

Emne: Refsing.

Oppskr. av: Hans Vidnes

(adresse): Fiskåbygda

Fylke: Møre og Romsdal.

Herad: Vanylven.

Bygdelag: Lytle i Vanylven.

Gard: Vidnes.

G.nr. 24 Br.nr. 6.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Dei som ikkje fekk det til å mune med sin seig under slått, har vist kom på den måten attonn dei andre. Dei andre kunne si slå at seigen hans lenger framme. Då vart etterolaren ståande på holm. Dette viste at han var dårleg slåttkar. Kvar ein kappast på slått-seigen, kunne den flinkaste vinne over motstandaren med "å setje han på holm". Kom nokon attonn med eit skarvestykke utan difor å vere ringt slåttmennske, (kvinnene slo og her til liks med karane, med sluttov, helst) så kunne ein seie: "Eg meiner du har sett meg på holm".

2. Ein kunne vise at ein var ferdig med slått eller skurden



og således hadde vunnit over  
 den ene tevla med om å  
 verta fyrst, på den måten at  
 en laga til en slattkall  
 eller skurdkall (utstopprokar,  
 helst av gamle klede en fann  
 tak i på den garden en hadde  
 vorti före med slatt eller skurd)  
 og sette eller reise han på  
 kvar staden på landet. Det  
 tydde: «Hå deg! Vi vart före!»

3) Det var vanleg å berge friaren  
 med å: Binde døra, låse ho,  
 spikre fast skorne til friaren,  
 så han ikkje fekk dei lause  
 når han skulle ut om  
 morgonen, stable opp bord  
 eller eitkvart som kamla  
 falt når han tok i døra o.s.v.

4) En som gjekk for ofte vart  
 kalla «han littjengste», «rekekejepp»  
 o. s. v.